

## Høyring: Forslag til bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø

Vi er eit bygdealag i Alver kommune i Nordhordland. Vi har ein kyrkjegard i bygda som vi gjerne vil behalde som kulturminne.

Kyrkjegarden vart vigsla og tatt i bruk i 1919 for at bygdefolket skulle sleppe å krysse den ofte verharde fjorden med livet som innsats for å gravleggje sine kjære ved kyrkja i soknet, Myking kyrkje. Kyrkjegarden, Øvreås kapell og gravplass, er ikkje lenger i bruk for kistegraver, men kan framleis nyttast som urne gravplass. Kommunen krev no full festeavgift for gravene der, og vil fjerne gravsteinar til familiar som ikkje betaler. Vi risikerer dermed at bygda misser kyrkjegarden som kulturminne.

Vi ønskjer å kome med dette som eit generelt innspel til høyringa. Små kyrkjegardar på kysten er særmerka minner om livet langs kysten. Dette er samfunnsmessige verdiar utover dei private minna som gjev identitet for framtida, d.e. korleis små samfunn med små midlar (dugnad) gjorde livet enklare og betre for kvarandre.

Difor bør ikkje enkeltfamiliar si betalingsevne avgjere innhald og framtid for desse kyrkjegardane.

Beste bevaring skjer gjennom bruk – bevaring og ombruk.

Kyrkjegardane vitnar om kulturen vi er ein del av som utforming av framtida. Kyrkjegardane har verdi utover den enkelte familie sin historie og betalingsevne.

For Stranda bygdealag

Kjell Nedreaas

*Kjell Harald Nedreaas*

Askelandsvågen 58

5993 Ostereidet

Phone: +47 99 53 85 49

E-mail: [kjell.nedreaas@hi.no](mailto:kjell.nedreaas@hi.no)